

Årsmelding 2023

Lom Knipsarlag



Styret har i 2023 vore slik:

Leiar	Steinar Hov
Nestleiar	Øyvind Pedersen
Kasserar	Magnar Kolden
Sekretær	Liv Marie Øyjordet
Styremedl.	Per Bådshaug
Vararepr.	Asbjørn Myrhaug
Valgkomite	Knut Holen og Jon Gunnar Rust
Revisjon	Svein Ovesen og Olav Magnar Bø

Årsmøte vart halde 14. februar på Loarsenteret.

Øyvind Pedersen synte fram bilete frå Lofoten. Det var 7 medlemmer på møtet.

Medlemskontingent: Ungdomskontingenten vart endra frå 250 til 100,-

Enkeltmedlem Kr. 500,- Familiemedlem Kr. 600,- Ungdom under 20 år kr. 100,-

Medlemskap i NSFF inngår i kontingenten.

Medlemar: Lom Knipsarlag hadde 11 medlemmar i 2023.

Heimeside og sosiale media:

* Det har ikkje skjedd så mykje med heimesida i 2023. Arbeidet med å flytte heimesida har drege ut i tid, men vart gjennomført no rett etter nyttår 2024. Årlege utgifter vil kome ned i om lag 2000,-.

Steinar arbeider med ny layout og oppdatering.

* Lom Knipsarlag har konto på Facebook og Instagram. Desse plassane har stort sett vore brukt til å kunngjere medlemsmøte og arrangement.

Styremøte i 2023. Det har vore 5 styremøte. Ein del saker har vore teke på medlemsmøte.

Medlemsmøte/arbeidsmøte: Det har vore 7 medlemsmøte og fleire arbeidsmøte i 2023.

Innhald på møta: Bli kjent med utstyret på klubbrommet, bilderedigering i Photoshop elements v/Øyvind Pedersen. Bildeframsyning «sommaren 2023, Info frå NSFF v/Rune Hermansen der han og viste bilder frå NPR-fotokonkurransa. Liv Marie og Øyvind fikk antatt 2 bilder kvar i konkurransa. Framsyning av bilder frå jubileumsturen til Runde, erfaringsutveksling om fuglefotografering og P. Bådshaug fortalde om fuglelivet på Runde før og no. Liv Marie synte og bilder frå Svalbard-tur. Vi hadde to minikonkurransar med tema «sommaren 2023» og «Stille».

Vi hadde fleire arbeidsmøte i samband med «barnefestivalen» under landskappleiken og at vi arrangerte fotokveld i Utgard i november.

I slutten av november juryerte vi bilder for Molde fotoklubb. Her er deres takkemail:

Hei! Vi takker for en omfattende og god juryering av bildene våre med så mange "vettuge" kommentarer. Dette er den sjette og avgjørende omgangen for vår kåring av "Årets Fotograf" i Molde kameraklubb 2023. Mvh. Molde kameraklubb v/Bjørn Ivar Haugen

Turar/utekveldar: Det var planlagt 3 turar.

* 7. februar: 4 deltok på vellukka utekveld med kveldsfotografering i Åslifjellet. Det vart både

landskap, måne- og stjernebilde i fint kveldsljos.

* 14-15.mars. Den planlagde hytteturen til Øyerfjellet vart dessverre avlyst pga. uvær.

* 2-4. juni: Jubileumstur til Runde med overnatting i hytter på Goksøyr camping. 6 medlemmer var med. Steinar, Øyvind, Asbjørn, Per, Liv Marie og Jon Gunnar.

Fredag kom vi fram til Goksøyr i kveldinga og vi fekk teke ein tur opp i Lundeura med det same i fint vèr med kveldssol. Fine nærmøte med Lundefugl i kveldsljoset.

Laurdag gjekk vi tur til Runde Fyr og tilbake via skrentane med havsule, krykkje og andre fuglar. Vèret var fint til vi hadde vore på fyret, og det vart litt tåke og regn på slutten av dagen. Da reiste vi til jubileumsmiddag i Fosnavåg på «Bryggen» og fortsette feiringa på hytta i Goksøyr med prat og bildevisning frå turen så langt.

Sundag var det strålande vèr og vi tok ut på guida båttur rundt Runde. Det var litt bølger her og der, men vi klarte oss bra og fekk mange fine bilder. Etter rundturen køyrde vi heimover med to stopp, eit ved «paddeplassen» rett ved Kvivstunnelen, og eit ved Hjelle inst i Strynsvatnet med litt fotografering både plassar. Alle var svært nøgde med turen og at vèret hadde spela på vår side.

Arrangement:

* Januar/Februar: medarrangør av NSFF-årbokutstilling i Ullinsvin. Hovudansvarleg, Rune Hermansen. Vi var med og sette opp og tok ned utstilling og hadde vakt på nokre av dagane.

* 23-24. juni: Knipsarlaget laga til ei bildeløype på Barnefestivalen i Presthaugen under Landskappleiken der ungane skulle gjette kva ein såg utsnitt av. Vellukka arrangement!

* November: Fotokonkurranse for bygdefolket i Vågå, Lom og Skjåk. Tema var «Høgt og lågt i Ottadalen». Ved innleveringsfristen 12. november var det 13 deltakarar med til saman 48 bilder. Stor takk til deltakarane og til fotoklubben Linselusa på Vinstra som juryerte konkurransa. 1. og 2. plass gjekk til Kjell Stålevik. 3. plass til Lene Susanne Martinussen, både frå Vågå.

* 26. november: 40 års jubileumskveld/fotokveld i Utgard. Programmet var fyrst litt historikk med bilder frå fyrste møte og ulike turar. Deretter ein bildeserie «Ottadalen og fjellheimen gjennom 4 årstider», så ein video med bilder til dikt av lokale diktarar der Sigmund Bråtet og Merete Byrøygard hadde lese inn dikta på førehand. Til slutt presentasjon av bildekonkurranse og resultat med premiering av 1-3. plass. Takk til alle som laga bildeseriar, las dikt og tok del på ulike måtar. Takk til CEWE-Japan Photo v/Tor Håkonsen for rause premiar til fotokonkurranse. Det hadde vore plass til mange fleire i Utgard denne kvelden, men arrangementet fekk gode attendemeldingar frå dei som var der. Det er nok meire arbeid med ein slik kveld enn å lage kalender, men det eine treng ikkje utelukke det andre.

Investeringar: Ingen innkjøp av utstyr i 2023.

Lomskalender 2024 og fotokveld Utgard. På årsmøte i 2023 vart det bestemt å ta eit års tenkjepause med kalenderarbeidet. Årsmøte-24 skal vi vurdere om vi lagar til ny kalender for 2025. I staden for kalender laga vi til ein fotokveld i Utgard 26. november.

Nasjonalparkriket foto- og filmfestival 2023

Skulle vore arrangert helga 15-17. september. Vart dessverre avlyst pga. få påmeldte ved påmeldingsfristen. Representantar i treffkomiteen frå Lom Knipsarlag var Liv Marie Øyjordet og Øyvind Pedersen. Håpar at arbeidet som var gjort kan nyttast til evt. ny festival i 2025.